

nr. 2 - 2011

# PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular



## Song skaper kontakt

Songen opnar nye dører til barna si verd, og han styrkjer samspelet mellom små og store. Musikkpedagog Bergljot Lyssand Bjørø syng med ungane frå dei er nyfødde. Jordmor Marianne Klokset Aspås startar endå tidlegare. TEKST: INGRID HILLESTAD



Det er ingen grunn til å vente, du bør syngje for barnet frå første dag, meiner musikkpedagog Bergljot Lyssand Bjørø. (Foto: Irene Garnes Hareide)

## ...Song skaper kontakt

**B**arna har rytme og musikalitet i seg lenge før dei lærer språk. Eg syng ofte til ungene kva dei skal gjere, seier Bergljot Lyssand Bjørø.

Musikklæraren og småbarnspedagogen er sjølv vaksen opp med musikk. Som kulturskulelærer for dei minste barna og kurshaldar for folk som jobbar med barn, kan ikkje dama frå Os i Hordaland framheve nok kor viktig songen er, og kor mykje musikken kan utrette for dei minste. Vi kjem til verda med rytme og musikalitet i oss. Ved å ta tak i dette tidleg kan språkleg og motorisk utvikling stimulerast, meiner Bjørø.

### Syng ved stallebordet

Songen kan mellom anna ha mykje å seie i den tidlegaste kommunikasjonen mellom barn og vaksne.

– Gjennom bruk av song kan samspelet styrkjast, meiner Bjørø.

Ho tilrår mellom anna stundene på stallebordet til slik bruk.

– Ved å leike med musikk då, kan barnet bli

betre kjent med kroppen sin, og god kontakt mellom barn og vaksne kan utvikle seg.

– *Kva tid skal ein byrje å syngje for barnet?*

– Frå det er nyfødd, meiner sangpedagogen, men legg raskt til at det også er dei som meiner ein skal byrje endå tidlegare.

### Saman før fødselen

Mellom desse er jordmor Marianne Klokset Aspås frå Gjemnes kommune på Nordmøre. Ho gav i fjor, i samarbeid med Gjemnes mållag, ut heftet Smålåten. Syng og sull for Barnet. Gjennom arbeidet med komande foreldre og ufødde barn har ho erfart at songen kan spele ei viktig rolle allereie under svangerskapet.

– Foreldre og barn bør setje av tid til å vere i lag også før barnet er fødd. Då blir ikkje overgangen så brå, meiner Aspås.

Ho trur travle kvardagar gjer at mange lett gløymer å vere nær og kommunisere med det ufødde barnet.

### Vitaminer for kjenslene


– *Kor tidlig i svangerskapet bør foreldra byrje å syngje for barnet?*

– Eg oppmodar dei til å starte etter tre månader. Sansenivået er til stades allereie frå barnet byrjar å utvikle seg i mors liv. Frå midten av svangerskapet veit vi at barnet kan høyre, forklarer Aspås.

Kor mykje barnet har med seg frå desse første songane seinare, er vanskeleg å vite noko om. Argumenta til Aspås er tufta på erfaringar ho sjølv har gjort seg som jordmor og mor.

– Vi merkar at ufødde barn reagerer på lyd, mellom anna ved at dei rører på seg – eller ved at dei blir liggande heilt stille i magen når dei blir sungne for, seier ho.

Aspås meiner det er lett å gløyme dei åndelege behova våre, som songen kan vere med på å fylle. Fokuset på alt det fysiske knytt til svangerskapet får fort forrang, som kva den gravide skal ete, kor mykje ho skal røre på seg, vere ute i frisk luft og så vidare.



– Songen gjer noko med oss. Han skaper gode kjensler, og vi treng desse kjenslemessige vitaminene meir enn vi tenkjer på, trur jordmora.

### Elskar mor si stemme

– *Kva bør dei som kvir seg for å syngje, og som ikkje synst røysta deira er god nok, gjere?*

– Mange seier dei ikkje kan syngje, men han eller ho som er i magen, spør ikkje etter om røysta er fin eller stygg. Barnet elsker mor og far si røyst, meiner Aspås.

Ho legg til at røysta til mor får ein spesiell verdi for det ufødde barnet, fordi det er denne som er nærast. Røysta til far må trass alt gjennom bukveggen før ho når inn. Det kan verke positivt på barnet si kjensle av tilknytning og tryggleik å bli sunge for allereie frå det er i mors liv, trur Aspås. Jordmora legg til at ein del av foreldra ho treffer, vegrar seg for å syngje i starten, fordi dei naturleg nok synest det kan vere rart og uvant å syngje for eit menneske dei ikkje kan sjå.

### Kvir seg for å syngje

Musikk læraren frå Os møter, til liks med Aspås, også vaksne som kvir seg for å syngje. Bjørø held kurs for barnehagetilsette, mellom anna for å få dei til å våge – og for at dei skal få auga opp for korleis song og musikk kan brukast i arbeidet med dei minste.

– Mange vaksne trur dei har ei dårleg røyst, og dette er veldig kjenslefyllt. Røysta vår representerer noko svært personleg, nesten som fingeravtrykket vårt. Mange ber på opplevingar som gjer at dei ikkje tør å syngje. Målet blir å få dei til å tore, forklarar Bjørø.

– Du bør finne noko som er ditt eige, og starte der. Alle har eit forhold til musikk, og du treng ikkje kunne mange songar, det held med éin, oppmodar ho vidare.



Ved å starte med ein song vi kjenner og har eit forhold til, kan sjølvtillita komme langsam tilbake, erfarer Bjørø.

– Stemma er det flottaste instrumentet vi har. Eg vil påstå at alle kan syngje, men det er også viktig å vere medviten om at stemmebandet er ein muskel som treng trening. Vi må øve oss, held ho fram.

### Barn set pris på alle røyster

– Barn godtar det og set pris på det om du hiv deg ut i songen. Det betyr for dei at du er engasjert, framhevar musikkpedagogen.

Bjørø er oppteken av at barnehagetilsette ikkje må avgrense musikken til å bli noko dei berre bruker i samlingsstunda. Musikken kan ein integrere i alt, erfarer ho, til dømes når ungane kler på seg, og når dei er i skogen. Gjennom song, rytme og musikk får dei små stimulert mange sansar på ein gong, noko som gjer opplevingane rikare og læringa lettare.

– Gjennom songen gir vi også barnet ein skatt. Vi gir det tonar, vakre ord og nærleik. Dette har det med seg vidare i livet, seier Bjørø.

### Syng på dialekt

Det å syngje på dialekt er noko både Bjørø og Aspås er opptekne av. Bjørø jobbar i Os, som er ein kommune med mykje tilflytting frå nabo-kommunen Bergen. Ho seier ho av og til får kommentarar på at ho vel for gamle songar. Bjørø trur likevel at det å syngje dei gamle songane kan vere med på å gi bama eit rikare språk, saman med lokal tilknytning og identitet. Ho har gjort det til tradisjon at ho alltid sluttar babysongtimane ho har ved kulturskulen, med ein båsull.

– Båsullane er gullet vårt, meiner musikk-læraren.

## Har samla gamle songar i hendig hefte



**G**jennom heftet *Smålåten*. Syng og sull for barnet ønskjer Marianne Klokset Aspås å styrkje den gode og naturlege kommunikasjonen mellom foreldra og det ufødde barnet.

– Eg har jobba med gravide og komande foreldre som kommunejordmor i Nesset kommune sidan 1990. Eg har i lang tid tenkt på at eg hadde lyst til å lage eit songhefte, seier Aspås.

Jordmora har stundvis fletta songen inn i dei foreldreførebuande kursa ho held. Gjennnes mållag tende på ideen hennar om å samle songar og vers i eit eige hefte. Dette heftet kom ut i fjor. Målet er å få det spreidd gjennom kommunehelsestasjonar, men Aspås erfarer at ein del kommunar vegrar seg på grunn av økonomien. Førebels er det berre kommunane Nesset og Molde som gir songheftet til sine gravide: Molde gjennom støtte og initiativ frå lokale sanitetslag, medan Nesset kommune har kjøpt heftet og gir det til sine gravide. Heftet blir også distribuert gjennom Mållaget, og tilbakemeldingane er gode frå dei som har teke det i bruk, fortel Aspås.

Kjende og kjære vers, som «Alle killebukkane», «Ride, ride ranke» og «Kom skal vi klippe sauen» er sette saman med blyantteikningar av Bergljot Hals. Nokre få dikt og regler, i tillegg til eit føreord av Aspås, har også fått plass.

– Heftet har noko gamaldags og rørende ved seg. Det har vore eit ønske å ta det veldig moderniserte livet ned på jorda. Det var også eit mål at heftet skulle vere lett og hendig å ta med seg, sluttar Aspås.

### PIT PARION

forsatt frå baksida

nå fram til mange unge lesarar, og det må vere målet, må han finnast også digitalt og i formar og på arenaer vi enno ikkje har tenkt på. Vidare må dei skjønnlitterære tekstane kunne involvere og engasjere lesaren som dei medskapande nettekstane ofte gjør, elles blir skjønnlitteratur ei sportsgrein for spesielt interesserte og dei som har medvitne foreldre som matar ungane med skjønnlitteratur. I eit samfunn med aukande kulturskilnader og heterogenitet er det endå viktigare at skjønnlitteraturen kan nå

barnelesaren på arenaer som alle barn deler, og ei av dei viktigaste oppgåvene framover for alle som arbeider med barnelitteratur og formidling, er å verne om dei demokratiske tiltaka som allereie finst, slik som den kulturelle skolesekken og leselystkampanjane, og samstundes tenke ut nye, lure (digital!) arenaer der alle barn kan møte skjønnlitteraturen og vekse i møte med den.

Ragnfrid Trohaug, forlagsredaktør i *Det Norske Samlaget*



www.pirion.no

## PIT PARION

# I det tekstfokuserede samfunnet i dag er den skjønnerlitterære teksten utfordra. Gjør det noko?

**I** det tekstfokuserede samfunnet i dag er den skjønnerlitterære teksten utfordra. Gjør det noko?

Som vaksne er vi opptatte av at barn skal lese; skolen har lese-lystkampanjar som til dømes txt-aksjonen arrangert av Foreningen!Les, Leselyst initiert av Bokhandlerforeningen og Forleggerforeningen, og det blir stadig skrivne om farane ved at unge i dag ikkje les like mye som før. No er det faktisk ikkje slik at lesinga er på retur hos dei unge i dag, dei les og skriv meir enn nokon sinne, men lesinga har tatt ei anna form; dei les og skriv ting på nettet og på mobilen, og unge som i tidlegare tider ikkje skreiv anna enn i skolesamanheng, er i vår tid ungdommar som driv på med både skrive- og lesekunsten i utstrekkt grad også utanfor klasserommet. Det er den skjønnerlitterære boklesinga som er på retur; barn og unge lystles ikkje som før. I følge ei amerikansk undersøking las ein tredjedel av amerikanske ungdommar for si eiga glede si skyld i 1984, mens det talet var redusert til ein femtedel i 2004. Det er grunn til å tru at tala ikkje er så veldig annleis her til lands. Er det så farlig om ungane ikkje les skjønnerlitteratur? Dei les jo, så kvifor skal vi framleis predike skjønnerlitteraturens evangelium? Jo, fordi mens skrifttytringane og litteraturen på Internett er særskild demokratisk, inkluderande og medskapande — alle kan skrive fanfiction, ein sjanger som verkeleg stimulerer skaparkrafta og fantasien til den einskilde, å lage ein blogg er enkelt og kostnadsfritt osv. —, så er litteraturen i den tradisjonelle forma si redigert, gjennomlest og foredla. No før e-boka er sleppt i Noreg, finst ikkje Hilde K. Kvalvaags gjennomtenkte metaforar i ungdomsbokform, Johan Harstads velformulerte samfunnsanalyser og Sverre Henmos trefande skildring av ungdomskjensler. Det er altså viktig at barn og unge møter denne andre forma for tekst, den skjønnerlitterære, fordi ho gir ei anna forståing enn ein meir umiddelbart skriven, uredigert tekst.

Som forfattar hadde eg gleda av å reise rundt med bøkene mine i den kulturelle skolesekken, og da snakka eg alltid med elevane om

litteratur og lesing, og prøvde å formidle kva det var med den skjønnerlitterære boka som gjorde at ho var verd å lese. Ikkje alltid gikk budskapet inn, som da eg var i ein ungdomsskoleklasse på ein grendeskole inn mot svenskegrensa og snakka om kor bra det var å lese bøker. Ein gutunge svarte kontant og blidt: — Læssa bøker? Nei, det treng je itte. Je tek over garden, det er itte ælle som har den løkka.

Så da stod eg overfor den vanskelege oppgåva, nemleg å få overtydd odelsguten om at han faktisk også i fjøsen ville ha god bruk for å ha lest anna enn slåmaskinmanualar og rundskriv frå meieriet.

Skjønnerlitteraturen skal utvide det rommet som det er å vere menneske; det er ein type litteratur som gir rom for dobbeltyding, undertekst, frampeik og hint. Alle desse kommunikasjonssjangrane er det ein menneskerett til å fått lov til å bryne seg på, også som barn. Påstanden min er at utan å ha blitt utsett for gode, skjønnerlitterære

tekstar står barnet og ungdommen svakare i møtet med ei verd som kvar dag, heile tida, må tolkast og fortolkast. Og det er vårt ansvar som vaksne, som lærarar, forleggarar og forfattarar å gi og nå dei unge med desse tekstane.

I Kunnskapsløftet står det som eitt av kompetansemåla etter 10. trinn, sitat: «Mål for opplæringa er at eleven skal kunne delta i utforskende samtaler om litteratur, kunst og film». Denne utforskende samtalen er mulig nettopp fordi desse kunstformene er opne for tolking og har fleire meningslag i mye større grad enn dei sjangrane ungdom møter til vanlig. Som utgivar av litteratur for barn og unge, og som produsent av denne litteraturen, er det viktig å til ei kvar tid ha i bakhovudet at ein stor del av det vi gir ut, skal vere tekstar som utvidar og skapar større undring og forståing.

Utfordringa i framtida for forfattar og forleggar blir å kunne møte den unge lesaren med skjønnerlitterære tekstar i andre format og på andre plattformar enn papirformatet. Skal skjønnerlitteraturen



**RAGNFRID TROHAUG**  
forlagsredaktør i  
Samlaget, barne- og  
ungdomslitteratur

forts. side 3

**Pirion**

Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)